



KVINNHERAD
K O M M U N E

Kommunedirektør

2022/774-10

31.08.2023

Til: Noregs Vassdrags- og energidirektorat

v/Frank Jørgensen

Sendt på e-post til: nve@nve.no

Høringsfråsegn 202201708-4: Høring av oppdatert kunnskapsgrunnlag for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk i Blådalsvassdraget – Kvinnherad kommune

1. Innleiing

Vi viser til Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt brev 31.03.2023, der direktoratet opplyser om at Sunnhordland Kraftlag (SKL) har bedt konsesjonsmynde om å ta opp att konsesjonshandsaminga av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk m.a. I dette høvet har NVE bedt SKL innhenta eit oppdatert kunnskapsgrunnlag etter at NVE si innstilling blei sendt Olje og energidepartementet 4.11.2015.

Det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget er datert 05.05.2023 der høyringsfristen er 9. september 2023. I brevet er det opplyst at føremålet med høyringa er å få synspunkt på det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget og eventuelt anna informasjon dersom det er kome nye moment inn i saka.

Denne høyringa er fremja av Kvinnherad kommune.

Kommunen sitt hovudsynspunkt er at konsesjonssøknaden skulle hatt ei samla vurdering av den auka effektkøyringa si påkjenning på dei delane av Blådalsvassdraget som er eksponert av vasskraftutbygginga. Etter NVE si innstilling i 2015, har det skjedd store endringar i kraftmarknaden, etterspurnaden etter fornybar energi har auka med tilsvarende endringar i driftsmønster og køyring av magasina, etterspørsel og prisreguleringar. I tillegg har kraftutveksling mot kontinentet ført til vesentleg endringar for korleis produsentane handlar. Samstundes har både internasjonale- og nasjonale krav til å ivareta naturen og naturmangfaldet blitt styrka gjennom naturavtalen.

2. Bakgrunn for saka

SKL søkte om konsesjon for å byggja ut Blåfalli Fjellhaugen, med overføring og regulering av avlaupsbekkane frå Kvannegrødhorga, Krokvatn og Verahaugen. I tillegg løyve til å byggja og driva Blåfalli Fjellhaugen kraftverk med eksisterande anlegg.

Kvinnherad kommune sendte inn si høyringsfråsegn til prosjektet i 2015, kor kommunen i utgangspunktet var positiv til eventuell utbygging, men bad om at produksjonsleidningen vart grove ned (jordkabel) som eit avbøtande tiltak for å ivareta landskap og friluftsliv. Kommunen peika og på redusert vassføring i Kvannegrødhorga til Brandvikvatnet som kunne vera negativt for landskap og friluftsliv jf. KU rapporten.

I høringsfråseigna oppsummerte kommunen prosjektet slik:

«SKL Produksjon AS eig og driv 5 kraftverk i Blådalsvassdraget med ei samla installert effekt på 360 MV og årsproduksjon på 1 300 GWh. Fjellhaugen kraftverk er planlagt mellom Midtbotnvatn og Fjellhaugvatn. SKL AS ønskjer ein meir optimal utnytting av tilgjengelege vassressursar i Blådalsvassdraget.

Kraftverket vert eit fjellanlegg med tilkomsttunnel, vasstunnelar, kraftstasjon og trafoanlegg, med tilkomst søraust for Staffivatn. Nedbørsfeltet som skal nyttast i kraftverket, er Midtbotnvatn og Sandvatn, som begge er omfatta av eksisterande konsesjonar. I tillegg vil bekkefeltet Krokavatn (Etne kommune), Kvannegrødhorga og Verahaugen verta overførte til ein ny produksjonstunnel via greintunnelar/borehol. Alle feltet vert i dag utnytta gjennom anlegg som vil få redusert produksjon når ein etablerer det nye Fjellhaugen kraftverk.

Det totale nedbørsfeltet utgjer 63,6 km², med ei gjennomsnittleg vassføring på om lag 10 m³/s. Samla tunnellingder knytte til kraftverket vert om lag 13 km, og tilkomsttunnelen utgjer ca. 0,5 km av dette. Vasstunnelen skal etablerast ved hjelp av tilkomsttunnelen og tverrslag ved Midtbotnvatn og ved vegen opp til Vetrhusvatna. Tunnelmassane skal leggjast i tre deponi, ved Staffivatn, ved avkøyrsla til Vetrhusvatna og mellom Blådalsvatn og Midtbotnvatn, i alt 820 000 m³. Fjellhaugen kraftverk får ein installert effekt på om lag 150 MW, og ein gjennomsnittleg årsproduksjon på om lag 325 GWh. Utbygginga vil føra til redusert produksjon i Blåfalli III H, Blåfalli III L og Blåfalli V, og netto innvunnen ny energi vert om lag 70 GWh. Omlag 60 GWh vert produsert ved betre utnytting av dei eksisterande reguleringane, medan om lag 10 GWh kjem frå dei omsøkte bekkeinntaka. Kraftverket skal knytast til Statnett sin kopleingstasjon ved Blåfalli III, primært via ein jordkabel, sekundært via luftline på om lag 1,5 km.

Tiltaket vil få liten innverknad på landskapsbiletet utover den eksisterande vasskraftpåverknaden i Blådalsvassdraget.

Massedeponi vil leggjast på nye areal, som skal tilpassast topografisk og revegeterast.»

NVE gav positiv innstilling til Olje- og energidepartementet (OED) i november 2015. I NVE si innstilling datert 03.11.2015 står det mellom anna:

«For dette prosjektet har ikke NVE beregnet netto nåverdi eller energikostnad over levetiden. Det er såpass mange andre forhold enn kostnad for netto produksjonsøkning som har betydning for nytteverdien av prosjektet, og mange av disse er vanskelige å kvantifisere. Tilstanden til eksisterende anlegg og verdien av hele kraftanlegget har også betydning, og hva som eventuelt må gjøres for fortsatt sikker og lønnsom drift. I tillegg til inntekt av salg av kraftproduksjon og elsertifikater, som benyttes i lønnsomhetsberegningene, kan prosjektet også gi økte inntekter som følge av effektkjøring.

Med tanke på utnyttelse av energiresursene i vassdraget mener NVE at planlagt utvidelse av produksjonssystemet i Blådalsvassdraget er gunstig, i tillegg gir utvidelsen mulighet til å regulere vassdraget slik at det kan gjennomføres ev. tiltak på Blåfalli III uten større produksjonstap. Prosjektet vil også bidra med økt reguleringsevne og mulighetene for mer effektkjøring i vassdraget, som kan gi økte inntekter. [...]»

I SKL sitt brev datert 05.05.2023 er det opplyst med unntak av at bekkeinntaket Krokavatn er tatt ut av prosjektet er «tiltaket uendret i forhold til opprinnelig søknad. Det er mindre justeringer av

konsekvensvurderingene av tiltaket, som i all hovedsak skyldes endringer i metodikk og definisjoner».

Det går fram av punkt 2.1 «teknisk plan» at tverrsnittet på tunnel/ vassveg frå inntaket i Midtbotnavatnet til kraftstasjonen er auka frå 150 MV til 185, vidare står det at utbyggingskostnadane er rekna til å bli om lag 1 500 millionar kroner og at årsproduksjonen blir auka til om lag 70 GWh som er lik opphøveleg søknad. At dette no dreiar seg om eit reint effektprosjekt går fram av skildringa i prosjektet der SKL mellom anna skriv på side 7:

«Behovet for regulerbar effekt fremstår å være enda tydeligere i dag enn i 2014. Norsk vannkraft er i stor grad bygget for å levere jevn energi over tid. Med stadig mer uregulerbar produksjon inn i kraftsystemet er det gunstig å utbygge de etablerte store reguleringsmagasinene til å kunne produsere effekt. Dette gir god utnyttelse av eksisterende investeringer samtidig som kraftsystemets behov for balanse blir sikret.»

3. Kvinnherad kommune si vurdering av konsesjonssøknaden og oppdaterte kunnskapsgrunnlag

3.1 Generelt

Som nemnt tidlegare skildrar SKL dette prosjektet som eit reint effektprosjekt. Effektkøyring betyr at produksjonen frå kraftverket blir endra innanfor eit kort tidsintervall. På denne måten kan SKL styra produksjonen sin etter etterspurnaden og kraftpris og dermed kan dei optimalisera produksjonen mot eiga inntening. Høgaste og lågaste regulerte vasstand for magasinet, installert effekt og produksjonskapasitet i kraftverket, er viktig for vasskraftprodusenten sin mogelegheit for effektkøyring.

Når SKL i det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget i punkt 2.1 «teknisk plan» gjev ei skildring av dei tekniske tilhøva som vil betra høve til effektkøyring i vassdraget, finn kommunen det rimeleg at vasskraftprodusenten også gjev ei grundig skildring av kva betydning denne auka effektkøyringa vil få for miljøtilhøva i vassdraget.

Vi er klar over at tilrettelegging for auka effektkøyring vil gjera at ei hardare køyring av alle kraftverka i framtida vil føra til raskare og hyppigare endringar i vassføring og vasstand i vassdraget og tapping av magasinane på andre tider av året enn i dag. Store variasjonar i vasstanden over tid kan igjen få konsekvensar for miljøet i og rundt vassdraget. Særskilt ved låg vasstand kan effektkøyring gjera stor skade for fisk og botndyr, istilhøve, erosjon m.m.

I Meld. St. 36 (2020–2021), «Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser», heiter det nettopp om miljøpåverknadane av effektkøyring:

«Vannkraft representerer en betydelig miljøpåvirkning i norske vassdrag. Et representativt utvalg av norske vassdrag er vernet gjennom verneplan for vassdrag. Gjennom revisjon av vilkår i eldre konsesjoner skal det legges til rette for miljøforbedringer i vassdrag med eksisterende reguleringer. For eksempel kan pålegg om minstevannføring ha stor betydning for friluftsliv og naturmangfold i og ved de regulerte vassdragene. Økt utnyttelse av vannkraftens reguleringsevne innebærer mer effektkjøring. De tilhørende raske endringene i vannføring og vannstand kan gi negative konsekvenser for fugl, fisk og bunndyr. Det vil derfor være viktig å avveie fordelene med effektkjøring mot ulempene for miljøet og andre brukerinteresser. [Utheva her.]»

Samstundes vil ikkje ei effektutviding i seg sjølv gje høgare produksjon målt i GWh. Kraftgrunnlaget blir ikkje auka som fylje av utbygginga, men utbygginga gjev kraftverket høve til å bruka meir vatn

på kort tid. SKL har i konsesjonssøknaden synt at tiltaket sin nettoauke er forventet å bli moderat. Vidare står det at prosjektet vil gi samfunnsmessige ringverknadar i form av auka skatteinntekter til kommunen. Desse inntektene er ikkje spesifisert.

Kommunen saknar difor ei nærare skildring både av i kva grad det auka tverrsnittet på tunnelen og auken av installert effekt – effektutvidinga– vil få av fyljer for dei miljømessige tilhøva i vassdraget (den fysiske påverkinga på vassmiljøet) og kva verknad effektutvidinga vil få av samfunnsøkonomi, dvs. i form av eigedomsskatt, konsesjonskraft og naturressursskatt til kommunen. Dette er to viktige sider av vurderinga av om fordelane med inngrepet er større enn ulempene, og kommunen ber konsesjonsmyndigheten om å vurdere om det trengst fleire utreiingar for å kunne gjera ei forsvarleg vurdering av konsesjonssøknaden.

I 2016 ga CEDREN-miljøet i Trondheim, samansett av ei rekke forskarar, ut ei bok om «Miljøvirkningar av effektkjøring: Kunnskapsstatus og råd til forvaltning og industri», som gjev forvaltninga og kraftverkseigarar eit verktøy for å kunne føresei og avgrensa miljøverknadane av effektkjøring av vasskraftverk. I samsvar med det forskarane rår til, ber kommunen difor konsesjonsmynde om å fastsette konsesjonsvilkår for Blådalsvassdraget som set fornuftige avgrensingar på effektkjøringa, og samstundes tek omsyn til både miljøtilhøve i vassdraget, samfunnet sitt behov og SKL sitt ønskje om fleksibilitet og produksjon av effektkraft.

3.2 Krav om minstevassføring

Kvinnherad kommune ser det som positivt at SKL i sitt oppdaterte kunnskapsgrunnlag der dei har tatt inn forslag om slepp av minstevassførsel for bekkeinntaka Kvanngrovdhorga og Verahaugen av omsyn til landskap og friluftsliv i tråd med NVE si innstilling 3/11 2015. D.v.s at det skal sleppast 40 l/s frå Kvanngrovdshorga og 10 l/s frå Verahaugen i perioden 1/7 til 31/10

Kvinnherad kommune har ikkje hydrologisk kompetanse og difor ikkje høve til å meine noko om den føreslegne vassføringa. Kommunen ber difor NVE om å vurdere kva vasstand som er tilstrekkeleg for å ivareta miljøet, landskap og friluftsliv. Vidare er det truleg viktig også å kontrollere andre hydrologiske tilhøve som kommunen ikkje er merksame på jamfør neste punkt 3.3

3.3 Landskap og friluftsliv

Blådalsvassdraget renn gjennom eit landskapsområde som er mykje brukt til friluftsliv i kommunen. Blådalen er innfartsporten til Folgefonna nasjonalpark som grensar til Møsevatnet. I Norconsult sin rapport, vedlegg 2 til det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget står det på side 25, om landskap:

«Bortsett fra delområde Krokavatn [bortfall av overføringstunnel] er endringene i planene vurdert å gi så små endrede konsekvenser at det ikke gir utslag i omfang eller konsekvens. Det dreier seg her om endringer i vannføring i hovedvassdraget, [...]»

Det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget inneheld først og fremst ei tilvising til konsesjonssøknaden og dei tidlegare utreiingane kor det går fram at SKL meiner omfanget av inngrepa (ved bygging av Blåfalli Fjellhaugen) er små i høve til tidlegare utbyggingar. I konsesjonssøknaden 09. oktober 2014 står det på side 72:

«Sammenholdt med tidligere kraftutbygginger i Blådalsvassdraget er omfanget av inngrep ved bygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk små, til dels ubetydelige for landskapet og

opplevelsesverdiene knyttet til det. Dels skyldes det at områdene er sterkt påvirket av inngrep fra før slik at nye inngrep i nærområdene til disse blir lite merkbare, dels at inngrepene i seg selv for det meste er små og konsentrert til avgrensede områder. Noen unntak finnes. De største negative konsekvensene knytter seg til redusert vannføring fra Kvanngrødhorga, der elva utgjør et sentralt blikkfang i et av de gjenværende lite påvirkede og samtidig mest veldefinerte landskapsrommene i Blådalsvassdraget. Riktignok er store deler av det opprinnelige brevannstilsiget fraført gjennom tidligere utbygginger, men området har etablert seg med en ny naturlig likevektstilstand. Redusert vannføring i bekken fra Verahaugen vurderes også å ha merkbare negative konsekvenser, men likevel i mindre omfang enn ved Kvanngrødhorga.»

Det er rett at Blådalsvassdraget er sterkt regulert, og at området er prega av tidlegare utbyggingar frå ei tid då verdien av miljø, landskap og friluftsliv vart vurdert ulikt enn i dag. Dette er grunnlaget for Blådalsvassdraget i NVE og Miljødirektoratet sin rapport nr. 49/2013, «Vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022, Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering», blei rangert med prioritet 1.1. Kategori 1.1 er i rapporten skildra som:

«vassdrag med stort potensial for forbedring av viktige miljøverdier, og med antatt lite eller moderat krafttap i forhold til forventet miljøgevinst».

På side 163 er fyljande grunngjeving for vurderinga av Blådalsvassdraget gitt prioritet 1.1:

«Vurdering av verdier og påvirkning:

Blådalselva har sjørretbestand med redusert tilstand (4). Laksebestanden er ikke selvreproduserende (Y). Vassdragsregulering er bestemmende for tilstanden. Anadrom strekning er ca. 3 km. Magasinene er sterkt påvirket, men miljøtilstanden er klassifisert som moderat. Det antas at ev. fiskebestander i magasinene er av liten verdi grunnet de store reguleringshøydene.

Det er ikke registrert viktige vannrelaterte rødlistearter eller verdifulle naturtyper.

Folgefonna nasjonalpark grenser til Møsevatn. Blådalen er innfallsport til Folgefonna og området er mye benyttet til friluftsliv. Svelgabreen og Møsevassbreen er populære turmål. Reguleringssoner på > 10 m vil kunne påvirke landskap og opplevelsesverdier ved lave vannstander i magasinene.»

Blådalsvassdraget høyrer til Vestland vassregion. Vassforvaltningsplanen bestemmer miljømål for vatnet i vassregionen. Målet er at alle vassførekomstar skal nå eit mål om: minst god økologisk og kjemisk tilstand. For vassførekomstar som er sterkt påverka av kraftutbygging, såkalla sterkt modifiserte vassførekomstar, er det gitt høve til unntak frå dei generelle miljømåla. Det er i slike vassførekomstar nok med god økologisk potensial i staden for god økologisk tilstand. Målet om godt økologisk potensial skal ta omsyn til at vassdraget er regulert og nytta til kraftproduksjon. SKL har sjølv peika på at «områdene er sterkt påverka av inngrep» der SKL er konsesjonær

Etter kommunen sitt syn, vil den beste løysinga vera å gjera ei samla vurdering av alle aktuelle hydrologiske og fysiske verkemidlar i heile vassdraget, slik at natur og miljø blir sett i samanheng med mogelege fysiske tilretteleggingstiltak.

3.4 Andre tilhøve som er viktig for handsaminga av konsesjonssøknaden

Kvinnherad kommune finn det viktig å peika på at det no er gått vel 8 år sidan NVE sendte konsesjonssøknaden på høyring og kommunen tok stilling til denne. Etter dette har det vore to kommuneval og det har skjedd store utskiftingar både i kommunestyret og kommuneadministrasjonen. Kommunen finn det kritikkverdig at NVE ikkje har lagt ut alle relevante dokument samla på NVE sine nettsider. Alternativt at dei kunne sendt desse ut til høyringspartane i eit komplett sett slik at høyringspartane enkelt kunne sett seg inn i saka. Kommunen har fått det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget av SKL, men har brukt unødige mykje tid på å få oversikt over alle dokument og relevante tema i saka.

Kommunen vil og peika på at naturvern har fått høgare fokus både nasjonalt og internasjonalt etter at konsesjonssøknaden vart sendt i 2014. Det er ikkje lengre berre ei klimakrise, men også ei naturkrise. Norske styresmakter har så seint som i desember 2022 signert den globale Naturvernavtalen for å stansa og reversera tapet av natur.

Eit anna område og ei problemstilling som er komen fram i seinare år er mangel på kraft til elektrifisering og auka forbruk, stor etterspurnad etter nettilknytning og liten tilgang på nettkapasitet. I handlingsplan for «*raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet*» som er ein del av regjeringa sin oppfølging av forslaga frå Strømnettutvalget i NOU 2022:6 – Nett i tide, blir det introdusert nye kriteriar for tildeling av nettkapasitet der ein har kø. Handlingsplanen inneheld fleire viktige grep for å bidra til raskare konsesjonshandsaming av saker hos NVE, meir effektiv tilknytning til straumnett og betre utnytting av dagens nettkapasitet. Kommunane har hatt ei innvending til denne handlingsplanen der dei meinte at det mangla involvering av kommunane i alle prosessar knytt til utbygging og utbetring av nettet og ei konkretisering av tilhøve mellom kommunen og nettselskapa om prioritering av kva bedrifter som skal få nettilknytning. Det er kommunane si oppgåve å leggje til rette for ny industri og næringsområde, og dermed bør dei og bli involvert i vurderinga av kven som skal få tilgang på krafta. Ein annan del av oppfølginga av Strømnettutvalget sin rapport er forslag til ny forskrift om energiutreiingar som NVE nyleg har sendt på høyring. Denne handlar om utreiingar i tidleg fase av planprosessen med krav om involvering av dei partane som vedkjem saka. Det er viktig for kommunen at deler av den nye tilgjengelege krafta frå Blåfalli Fjellhaugen blir tilgjengeleg for lokale aktørar i framtida. Tilgang på fornybar energi kan gje ringverknadar i form av næringsutvikling lokalt og regionalt og er difor eit viktig insitament for kommunen si innstilling til prosjektet.

4. Kva verknad vil utbygginga ha på kommunen sin økonomi?

Utgangspunktet for kommunane si vurdering av konsesjonssøknaden vil vera ei kartlegging av kva føremoner og ulemper den utbygging som er søkt om vil ha for kommunen, kommunen sine innbyggjarar og framtidige generasjonar. Dette går fram av vassressurslova § 25, kriteriar for konsesjon, som lyder:

«Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet. Når et tiltak er av varig karakter eller av andre grunner kan få mer langsiktige virkninger skal kravet i første ledd være oppfylt på lengre sikt.»

Ei samla vurdering sett frå kommunen si side må bygge på kva skade og ulempe på naturmangfald og utbygginga sine nære omgjevnadar som vil skje og dels kva økonomiske verknadar utbygginga vil ha for kommunen.

Det har vore eit hevdvunne prinsipp i meir enn 100 år at dei lokalsamfunn som blir utsett for slike naturinngrep, har krav på vederlag for dei verdiar som ein avstår. Bakgrunnen for dette er at fleire

av naturinngrepa som følger ein vassdragsutbygging, grip inn i allmenne verdiar som retten til ferdsl, fiske, friluftsliv, reiseliv og retten til urørt natur.

Kommunen ser det som eit stort paradoks at det i konsekvensutreiingane for dei lokaløkonomiske verknadane i all hovudsak er føretatt utrekningar basert på den beskjedne produksjonsauken og ikkje dei effekt- og regulerbarverdiar som er «*hovedgevinsten ved tiltaket*».- Forklaringa er at gjeldande konsesjons- og skatteregime ikkje er etablert med grunnlag i effekt- og pumpekraftanlegg som i dette tilfelle, men med grunnlag i tradisjonelle vasskraftverk med energivinning som hovudføremål. Kommunen vil vise til at Energikommisjonen i NOU 2023:3 nettopp har peika på denne svakheiten ved gjeldande vasskraftregime. Ei samla kommisjon uttalar i kap 10.4.6- Kommunen si rolle:

«Det er bred enighet om at tilslutning fra kommuner som blir berørt av større kraftprosjekter er en avgjørende forutsetning for gjennomføringen. I det offentlige ordskiftet og i offentlige utredninger er det gjennomgående at insentiver må til, at de som tar på seg en byrde også skal ta del i oppsiden og at den lokale forankringen må på plass. Med bakgrunn i våre klimaforpliktelser og kraftbehov fremover er det ikke bare en utfordring å sikre det nødvendige grunnlaget for mer fornybar kraftproduksjon, men det er også en stor utfordring å få opp tempoet i fornybarutbyggingen. Det stiller store krav til effektivisering av våre konsesjonsprosesser. Her viser erfaring at jo tydeligere de positive, lokale virkninger av en utbygging er, desto lavere blir konfliktgraden og raskere går prosessen. Insentivene vil bidra til å redusere risikoen for at vertskommunenes rolle blir en stor barriere for økt produksjon av fornybar kraft.»

Omsynet til dei aktuelle lokalsamfunn er også studert i europeisk samanheng. Det heiter til dømes i NOU 2012:9 Energiutredningen, kapittel 6:5:

«fra EU-hold er det understreket at en av de største barrierene i dag mot omleggingen til fornybar energi, er motstand fra de miljøer som må avstå sine naturressurser, og som blir direkte berørt av varige naturinngrep (Rebelgroup, 2011).»

Dette er i tråd med dei erfaringane vi gjennom generasjonar har frå vasskraftsektoren og nyare erfaringar frå vindkraftsektoren. Eit meir enn hundreårig vasskraftregime med eigne reglar for å ivareta dei lokalsamfunna dei vedkjem, har vist seg å lukkast og har ført til at vasskraftutbygginga i det store og heile har fått tilslutning frå ressursdistrikta. Den motsatte erfaringa har vi dei seinare åra hatt på vindkraftsektoren, med sterk og aukande lokal motstand. Vindkraftsektoren har ikkje hatt tilsvarende ordningar som syter for vertskommunane, som vasskraftsektoren.

Vasskraft: Den vasskraftutbygginga som vil vera mest aktuell framover, vil vera av ein noko anna karakter enn vår tradisjonelle vasskraft. Om dette uttalar eit einstemmig utval i NOU 2012: 9, kapittel 6.5:

«Det er grunn til å reise spørsmål om de institusjonelle ordningene som historisk er etablert rundt vannkraften, er like egnet til å organisere verdifordelingen mellom stat, utbygger og berørte distrikt for framtidens fornybarpolitikk. De gjeldende fordelingsordninger, som det fram til i dag har vært alminnelig enighet om, er basert på egenskaper ved tradisjonelle vannkraftverk og er ikke like relevante for morgendagens vannkraftanlegg- pumpekraftverk, effekt- og elvekraftverk. Det er registrert økende lokal motstand mot nye vannkraftanlegg begrunnet i slike forhold»

Dette talar for at det gjeldende vasskraftregimet blir gått gjennom for betre å ta opp i seg både dagens og morgendagens utbygging. Eit døme på konsesjons- og skatteregime i dag ikkje er tilpassa den vasskraftutbygginga vi vil sjå i framtida, er reglane om naturressursskatt.

Naturressursskatten blir rekna ut av samla kraftproduksjon, skattelova § 18-2.

Totalproduksjonen for kraftverket skal reduserast med medgått pumpekraft og dette vil påverke berekning av naturressursskatten for det aktuelle kraftverket. Lågare netto produksjon gjev lågare grunnlag for naturressursskatt. Eit anna døme er konsesjonskraftordninga, kor reglane går ut frå ei vassdragsregulering og kor opprusting- og utvidingsprosjekt har vist seg å føre til høgare konsesjonskraftpris utan samsvarande konsesjonskraftmengde for vertskommunen.

5. Samanfatning

Kvinnherad kommune set på store naturressursar som kan vera eit viktig bidrag til å auka etterspurd fornybar energiproduksjon. Kommunen er difor framleis positiv til konsesjonssøknaden.

Til slutt vil kommunen at NVE, før konsesjonssøknaden blir innvilga, be SKL om ei nærare forklaring på korleis effektkøyring vil ha på dei miljømessige tilhøva i vassdraget og kva verknad effektutvidinga vil få ut av samfunnsøkonomi, dvs. i form av eigedomsskatt, konsesjonskraft og naturressursskatt til kommunen. Dette er to viktige sider av vurderinga av om fordelane med inngrepet er større enn ulempene, og kommunen ber konsesjonsmynde om å vurdere om det trengst fleire utreiingar for å kunne gjera ei forsvarleg vurdering av søknaden.

Kvinnherad kommune viser til NVE si innstilling i 2015 der dei rår til at SKL får konsesjon til bygging og drift av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk der NVE vurderer at nytten er større enn ulempene for ålmenta og private interesser, der vi seier oss einige i dette med dei merknadane som ligg i denne fråsegna.